

Søkjer om kai og molo

27.05.2009

Birger Legland, som bur i Kleivadalsvegen 5, har søkt om å få byggja kai og molo og han har fått eit førebels svar frå sakshandsamar Jon Harald Kjærland.

Kjærland skriv at det er utarbeidd rreguleringsplan for kai-område med reguleringsføresegner og at det omsøkte område er regulert til småbåthamn.

I føresegnene heiter det at detaljplan for brygger og hamneanlegg skal godkjennast av kommunen før arbeidet vert sett igang. I tilknytning til melding om tiltak skal det leggjast fram teknisk og arkitektonisk utforming for heile småbåthamna.

Kjærland ber om å få innsendt ein revidert detaljplan for heile småbåthamna slik ho no vil ta seg ut. Før kommunen kan ta stilling til saka må det sendast inn dokument i tråd med reguleringsføresegnene for spesialområdet, privat småbåthamn. Det må også sendast fasadeteikning/detaljteikning av kaikonstruksjon/oppbyggjing.

Moloen er ikkje målsett på situasjonsplan, påpeikar sakshandsamaren.

I tillegg må det sendast inn søknad om ansvarsrett for firma som skal utføre murararbeid i sjø og det må sendast søknad til Kystverket for handsaming etter særlov.

Av Ola Matti Mathisen